

Prop. 117 S

(2012–2013)

Proposisjon til Stortinget (forslag til Stortingsvedtak)

E39 Rogfast i Rogaland – førehandsinnkrevjing av bompengar

*Tilråding frå Samferdselsdepartementet 12. april 2013,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regeringa Stoltenberg II)*

1 Innledning

Prosjektet E39 Rogfast vil gi ferjefritt vegsamband på E39 mellom Nord-Jæren og Haugalandet. Prosjektet omfattar ein undersjøisk tunnel på om lag 25 km med to løp mellom Harestad i Randaberg kommune og Arsvågen i Bokn kommune. I tillegg er det planlagt ein undersjøisk tunnel på om lag 4 km med eitt løp som arm til Kvitsøy. Rogfast vil bli verdas lengste og djupaste undersjøiske vegtunnel. Prosjektet er omtalt i Meld. St. 26 (2012–2013) Nasjonal transportplan 2014–2023, side 282. Det er lagt til grunn 250 mill. kr i statlege midlar til prosjektet i perioden 2014–2017.

2 Bakgrunn

Det ligg føre godkjente kommunedelplanar for prosjektet. Arbeidet med reguleringsplanar pågår, og det er venta at reguleringsplanane kan bli godkjente i løpet av 1. halvår 2013. Tilknytinga til E39 ved Harestad inngår i prosjektet E39 Smiene – Harestad. Kommunedelplan for dette prosjektet blei godkjent i 2012, og reguleringsplan er venta godkjent i løpet av 1. halvår 2014. Kostnadsoverslaget for Rogfast er no rekna til vel 12,2 mrd. kr. Det er fortsatt knytt uvisse til kostnadene.

Fra 1. april 2001 har det vore førehandsinnkrevjing av bompengar i ferjesambandet Morta-

vika – Arsvågen for å delfinansiera prosjektet fv 47 T-sambandet, jf. St.prp. nr. 70 (2007–2008). Bompengepåslaget tilsvrar skilnaden mellom takstsone 21 og takstsone 9, dvs. 12 takstsoner. Det er venta at T-sambandet blir opna for trafikk i mai 2013. Frå dette tidspunktet vil det bli innkrevjing av bompengar i ein bomstasjon på prosjektet, og førehandsinnkrevjinga i ferjesambandet vil opphøyrja. Frå same tidspunkt blir fylkesvegferjesambandet Mekjarvik – Skudeneshavn lagt ned.

Ferjesambandet Mortavika – Arsvågen er det nest mest trafikkerte ferjesambandet i Noreg. I 2012 var årsdøgntrafikken (ÅDT) om lag 3700 kjøretøy. Både ferjesambandet Mortavika – Arsvågen og Mekjarvik – Kvitsøy, som er eit fylkesvegsamband, vil bli lagt ned dersom Rogfast blir realisert. Vidare er det føresett at dagens E39 over Rennesøy til Mortavika blir omklassifisert til fylkesveg.

Ein moglegheitsstudie om bompengefinansiering av Rogfast var til lokalpolitisk behandling våren 2010. Alle som kom med uttale til studien, var positive til at arbeidet med eit bompengeopplegg for prosjektet skulle halda fram. På bakgrunn av dette er det no foreslått eit opplegg for førehandsinnkrevjing av bompengar i ferjesambandet Mortavika – Arsvågen. Dei same takstane som i dagens innkrevjingsordning for T-sambandet er lagt til grunn, dvs. eit bompengepåslag som tilsvarer 12 takstsoner. For ein personbil opp til 6 m

inkl. førar er ordinær ferjetakst 101 kr. Med eit bompengepåslag på 74 kr blir summen av ferjebillett og bompengar 175 kr før rabatt. Ved forskotsbetaling er det i dag mogleg å oppnå 50 pst. rabatt på summen av ferjebillett og bompengar. Førebelse rekneskapstal viser at brutto bompengeinntekter i 2012 var vel 82 mill. kr.

3 Lokalpolitisk behandling

Stavanger, Haugesund, Karmøy, Bokn, Tysvær og Rennesøy kommunar har gitt uttale i saka. Alle støttar forslaget om førehandsinnkrevjing av bompengar til Rogfast i ferjesambandet Mortavika – Arsvågen. Rennesøy kommune foreslår i tillegg at det blir førehandsinnkrevjing av bompengar i ferjesambandet Mekjarvik – Kvitsøy – Skudeneshavn.

Haugesund, Karmøy og Bokn kommunar støttar forslaget om at dersom Rogfast ikkje blir vedtatt, skal evt. bompengar som ikkje er nytta til planlegging og prosjektering av Rogfast, nyttast til utbetringstiltak på strekninga E39 Arsvågen – Mjåsund. Tysvær kommune tilrår at evt. overskytande bompengar skal nyttast på E39 på strekninga Arsvågen – Mjåsund – Aksdal. Rennesøy kommune tilrår at desse midlane blir nytta til å planleggja, prosjektera og utbetra E39 Eigane-tunnelen med tilførselsvegar. Stavanger kommune tilrår at evt. overskytande bompengar blir nytta til planlegging, prosjektering og utbetring på E39 og at det blir fremma ei eiga sak om aktuell delstrekning.

Rogaland fylkeskommune har sluttat seg til førehandsinnkrevjing av bompengar gjennom følgjande vedtak i fylkestinget 6. mars 2012:

"Rogaland fylkeskommune slutter seg til forslaget om innkrevjing av forhåndsbompenger på ferjesambandet Mortavika – Arsvågen fra og med åpningen av fv 47 T-forbindelsen og fram til byggestart for E39 Rogfast. Forhåndsbompenger skal kreves inn for alle takstgrupper. Taksten skal være lik en økning på 12 soner (tilsvarende som for T-forbindelsen). Dersom Rogfast ikke blir vedtatt skal førehåndssinnkrevde bompenger brukes til planlegging, prosjektering og utbedringstiltak på strekningen E39 Arsvågen – Mjåsund i tråd med tiltaksplan.

Rogaland fylkeskommune viser til tidligere vedtak og ber om at utbyggingsstart for prosjektet søkes forsert til 2014."

I møtet 6. mars 2012 fatta fylkestinget også vedtak om å oppretta bompengeselskap for Rogfast.

4 Bompengeopplegg

Samferdselsdepartementet viser til at E39 er ein del av TEN-vegnettet. For nye bompengeprosjekt på TEN-vegnettet kan ikkje rabatten for tunge kjøretøy (kjøretøy med tillat totalvekt over 3,5 tonn) vere meir enn 13 pst. Samferdselsdepartementet legg til grunn at førehandsinnkrevjing av bompengar i ferjesamband er omfatta av direktivet.

Forslaget til takst- og rabattsystem som blei lagt fram for lokalpolitisk behandling legg opp til 50 pst. rabatt ved forskotsbetaling. Departementet legg derfor fram eit alternativt takst- og rabattsysteem, utan rabattar, som er i tråd med Eurovignett-direktivet. For å oppretthalda nivået på bompengeinntektene foreslår departementet at bompengepåslaget blir skilnaden mellom takstsone 17 og takstsone 9, dvs. 8 takstsone, utan rabatt på bompengepåslaget. Med eit bompengepåslag på 49 kr blir summen av ferjebillett utan rabatt og bompengar for ein personbil opp til 6 m inkl. førar 150 kr. Forslag til revidert takst- og rabattsystem vil bli lagt fram for lokale myndigheter før Vegdirektoratet fatter et nytt takstvedtak.

For ferjebillettane blir det ingen endringar, dvs. det blir mogleg å oppnå 50 pst. rabatt.

Det er lagt opp til at innkrevjinga skal starta så snart T-sambandet er opna for trafikk. I tråd med gjeldande retningslinjer er det lagt opp til førehåndssinnkrevjing til Rogfast i inntil tre år før eit evt. vedtak om bygging av prosjektet ligg føre. Dersom det ikkje blir vedtatt utbygging av Rogfast er evt. overskytande midlar foreslått nytta til utbedringstiltak på E39 på strekninga Arsvågen – Mjåsund.

Brutto bompengeinntekter er rekna til vel 85 mill. kr pr. år, dvs. om lag 260 mill. kr over tre år. Basert på opplysningar frå ferjeselskapet er det lagt til grunn at innkrevjingskostnadene ved førehåndssinnkrevjinga til Rogfast blir i storleiksorden 1-1,5 pst. av brutto bompengeinntekter.

Evt. resterande midlar etter at vidare planlegging og prosjektering er finansiert, vil inngå i finansieringsplanen for bygging av prosjektet.

5 Samferdselsdepartementet si vurdering

Samferdselsdepartementet legg vekt på at Rogfast vil vera eit svært viktig prosjekt for utviklinga av Vestlandsregionen, jf. Meld. St. 26 (2012-2013). Det er lokalpolitisk tilslutning til å finansiera vidare planlegging og prosjektering ved førehandsinnkrevjing av bompengar i ferjesambandet Mortavika – Arsvågen. Departementet tilrår derfor at det blir gitt samtykke til førehandsinnkrevjing. Departementet legg opp til at nytt bompengesopplegg, etter godkjenning i Stortinget, vil bli iverksett så snart som praktisk mogleg. I tråd med gjeldande retningslinjer blir det gitt løyve til inn-

krevjing i inntil tre år før evt. vedtak om bygging av prosjektet ligg føre.

Samferdselsdepartementet strekar under at det ikkje er lagt opp til at Stortinget skal ta stilling til prosjektet no. Departementet må komma tilbake til dette når tilstrekkelege avklaringar av m.a. kostnader og finansieringsopplegg ligg føre.

Samferdselsdepartementet

til rår :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om E39 Rogfast i Rogaland – førehandsinnkrevjing av bompengar.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjera vedtak om E39 Rogfast i Rogaland – førehandsinnkrevjing av bompengar i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag


til vedtak om E39 Rogfast i Rogaland – førehandsinnkrevjing av bompengar

I

1. Stortinget samtykkjer i at bompengeselskapet får løyve til førehandsinnkrevjing av bompengar til å finansiera vidare planlegging og pro-

sjektering av E39 Rogfast i Rogaland etter vil-kåra i denne proposisjonen.

2. Samferdselsdepartementet får fullmakt til å inngå avtale med bompengeselskapet og fast-setja nærmare reglar for innkrevjinga.





Nykommeret
Trykk A/S O, Fredr Arnesen. April 2013

241491